

**Radøy damekor
v/leiar Elin Klausen
Kvistevegen 193
5936 Manger**

**E-post eiklausen@gmail.com
Telefon 951 365 62**

Søknad om ekstraordinært tilskot til Radøy damekor

Syner til utlysinga av ekstraordinære tilskotsmidlar til lag og organisasjonar, og vil hermed søkje om eingongstilskot til fornying av koret sitt utstyr.

Koret kjøpte inn ein del utstyr då det vart stifta i 2000, mellom anna ein del notestativ. Desse har både vi og andre aktørar brukt flittig og det er no berre eitt av dei som framleis kan brukast. Utover dette ser vi stadig behov for eit godt instrument vi kan ha med oss når vi opptrer andre stadar enn i heimkyrkja vår på Manger. Vi ser føre oss eit godt stagepiano, som likevel er lett å flytte på.

Prisar vi har fått frå forhandlar, avhengig av nøyaktig modellutval, er som følgjer:

8 stk. König & Meyer notestativ, modell 11930	kr 6392
1 stk. Nord Piano 4 stage piano	kr 22 899
1 stk. Nord Stage bag (bæreveske med hjul)	kr 1989
1 stk. Nord Notestativ til piano	kr 549
SUM	kr 31 829

Koret har 20-årsjubileum i 2020 og har i samband med det lyst til å realisere noko vi har snakka om lenge, nemleg å kjøpe inn skikkeleg korantrekk til medlemmane. Prisane her varierer svært mykje, avhengig av kva type antrekk vi lander på. Vi har blitt førespegla at det ikkje er urealistisk å budsjettere med kr 1500 per medlem.

For å dekke noverande medlemsmasse vil vi søkje om tilskot til 20 medlemmar, som tilsvarar kr 30 000.

Totalt søkjar vi om eingongstilskot på **kr 61 829**.

Med helsing,

Elin Klausen,
Leiar, Radøy damekor.